

Vardehovda 360 grader





Lett tur i høgfjellsterreng der du har mektig utsikt til både Hallingskarvet med Storeskuta 1870 moh og Folarskardnuten 1933 moh.


Rett vest ser du Skorpa, som er fjellet mellom Rv 50 og lungsdalen. Mot nordvest ser du Reineskarvet og resten av Nordfjella


Det er rasteplassar undervegs der du kan nyte nista di med 360 graders utsikt til fjella rundt. Bergsjø Høyfjellshotell hadde skiheis i dette området frå ca. 1955 til slutten av 70-talet. Fundamentet til start og bardunfester til toppstasjon er framleis mogleg å finne i fjellsida ned mot Bergsjøen.


Ein lengre og tyngre tur får du ved å gå opp frå Skarslia. Kombiner gjerne med turen Bergsjøen rundt (tur 1.9).

 Fv. 244 gjennom Vats til Bergsjø.

 Ved krysset ca. 300 m før Bergsjø leilegheiter, eller i Skarslia.

 4 km tur/ retur frå p-plass ved Bergsjø leilegheiter. 1080 - 1185 moh.
8 km tur/ retur frå Skarslia. 890 - 1185 moh.

 Gamle fundament og bardunfester til skiheis frå 1950 talet.

 Noko fuktig enkelte stader, med det er lagt ut plankar som forenkler stigen.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000 og tur og sykkelkart Al/Gol/Hemsedal 1:60.000

